

Norsk etnologisk gransking
Norsk Folkemuseum
Postboks 720 Skøyen
0214 Oslo
E-post: eli.chang@norskfolkemuseum.no

Oslo, juni 2014

Spørjeliste nr. 250

PLEIE AV KROPPIEN – PERSONLEG HYGIENE

Den som svarar på lista er samd i at svaret blir arkivert (anonymt) og blir brukt av forskarar i dag og i framtida. Brukarar av materialet pliktar å verne integriteten til opphavspersonen og eventuelt andre personar skildra i svara.

I 1994 spurde vi om korleis folk stelte seg tidlegare. Vi fekk inn lange og detaljerte svar om kva og kvifor ein vaska seg, raka skjegget, stelte håret og innreidde bustaden for å få stelt seg på 1920-talet og frametter. Mange som svara hadde levd ei stund, og skildra barndommen sin. No spør vi om korleis du steller deg i dag.

Skriv gjerne lange og detaljerte svar! Hugs, du treng ikkje svare på alt, hopp over spørsmål du ikkje kan eller ønskjer å svare på.

For NEG er det innhaldet og ikkje rettskrivinga som er viktig. Svar på det målføret du ønskjer. Det er dine opplevingar og minner vi vil høyre om. Les gjerne gjennom alle spørsmåla i undersøkinga før du byrjar å svare. Send oss svaret i posten eller bruk e-postadressa øvst.

*Med vennleg helsing
Line Grønstad
konservator
Norsk etnologisk gransking*

NEG 250: Pleie av kroppen – personleg hygiene

Om baderommet

Fortel om baderommet du brukar. (Baderomsmøblane, kva kunne vore annleis?)

Tidlegare var det mange som ikkje hadde bad og som stelte seg på kjøkenet eller andre stader. Korleis er baderommet du har no samanlikna med tidlegare bad eller rom du har nytta til kroppspleie?

Om tannstell

Korleis steller du tennene i det daglege? (Kva type produkt, kor ofte?)

For eit par generasjonar sidan fekk mange gebiss som ungdommar. Det er mindre vanleg i dag. Er det andre årsaker enn frykt for hol som ligg bak dine tannstellvanar? Fortel!

Om kroppsvaske

Korleis vaskar du kroppen? (Når, kor ofte, korleis, kva type produkt brukar du, kva vaskar du først og sist?)

*I tidlegare tider vaska ein seg gjerne ved fest og høgtid, men lite elles.
Kva tenker du om kvifor du gjer som du gjer?*

Kva gjer du etter vasken? (Kva type produkt brukar du, kva skal til for at du kjenner deg ferdig på badet?)

Om hår

Kva gjer du med hårt i andletet? (Augnebryn, bart, skjegg, øyrehår, nasehår.)

Kva med hårt på kroppen? (Bryst, rygg, leggar og lår, under armane, kjønnshår, andre stader.)

Korleis steller du håret på hovudet? (Vask, pleie, hårprodukt, frisyre, mote.)

Generelt om pleie av kroppen

Kva skal til for at du skal kjenne deg vel?

Kva gjer at du gjer som du gjer?

Har det endra seg gjennom livet ditt?

Skjer det at du reagerer på korleis andre steller kroppen sin? Fortel!

Har du noko du ønskjer å legge til som har med temaet å gjere? For nokre var det kan hende eit vanskeleg tema å svare på. Korleis opplevde du det var å fortelje om vanane dine?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING - FØRSTEARK

Fylles ut og sendes inn sammen med svaret.

Navn og adresse blir ikke gitt videre til de som skal forske på svarene.

Navn:

Adresse:

Hvor bor du (fylke/kommune):

Fødselsår:

Yrke (evt. før pensjonsalder):

Opplysningene er hentet fra (fylke/kommune):